

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.06.2021

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Jan Tore Huus, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Tirill Eiken

Referent: Kaia

Sak 2021/31: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2021/32: Godkjenning av referat frå styremøte 11.05.2021. Godkjent

Sak 2021/33: Eigedomar:

Båtbyggjarmuseet; Sverre Haugen ynskjer avløyising som kontaktperson for båtbyggjarmuseet, Trond Vikane har sagt ja til å ta på seg denne oppgåva.

Sak 2021/34: Tilstellingar:

Vårdugnad; aktivitetsliste er sett opp på plakatkassen og på Facebook. Ein del arbeid vart gjort tidleg, men det ser ut til å stoppe litt opp på dugnadsfronten. Folk må gjerne ta seg ein tur i kulturstien med slåtte/klippeutstyr. Herand bygdelag har to motorljåar, ein med tråd og ein med blad, Kenneth Vikane kan kontaktast om nokon vil nytte desse i kulturstien. Styret organiserer ein felles dugnadsdag til hausten.

Sak 2021/35: Økonomi:

Leiga av rom på kulturhuset; Herand Kraft as leiger barnehagelokalet ut september, deretter vert lokalet ledig for nye leigetakarar. Leige av eit privat lager er avslutta.

Oppfylgjing av tidlegare søknader/løyvingar:

- Brannsikring/rømningsplan for kulturhuset – dette er klart for montering. Det vert kjøpt inn nytt sløkkjeutstyr.
- Isolering kjellar – på gang ved Thorleif.
- Varmepumpe i barnehagen – omprioritere tildelte midlar til ny ytterdør nede, kasserar søker tilskotsgevar om dette. Thorleif skaffar tilbod på ny dør.
- Utsifting av vindauge – på gang v/Thorleif.

Sak 2021/36: Nærmiljøanlegget:

- Tildelt kr. 200 000,- frå Sparebankstiftinga Hardanger (tilsegn på totalt 600.000,-)
- Tildelt 25.000,- frå Amedia/DNB – Hardanger Folkeblad
- Godkjent for 600.000,- i tippemidlar.

Sandvik Play, som er leverandør av utstyr til anlegget, var på synfaring ved kulturhuset 08.06. Dei vil gje eit oppdatert tilbod på utstyr og gummiunderlag. Målet er å få satt dette i bestilling før skuleferien. Leveringstida er noko usikker, men me reknar med å ha alt på plass for byggestart innan 10 veker frå bestilling.

Sak 2021/37: Kommuneplan, arealdelen:

Kommunen ber om eit folkemøte i Herand i september i samband innspel til ny arealdel av kommuneplanen. Bygdelaget arrangerer gjerne dette, me ber kommunen foreslå ein dato.

Sak 2021/38: Kyrkjebåt:

Herand bygdelag har fått tilbod om å overta ein kyrkjebåt frå Olav Håvik for integrering i miljøet ved båtbyggjarmuseet. Etter drøfting i styret ynskjer me ikkje å overta båten. Bygdelaget er ikkje eigar av båtmuseet eller grunnen der, det er Herand båtlag. Kyrkjebåten er for stor til å kunne liggje i museet om vinteren.

Sak 2021/39: Omsorgsbustader:

Orientering etter generalforsamling. Styreleiar gjekk gjennom referat frå generalforsamling. Gunnar Dalseth vart attvald som leiar. Det vart ikkje utbetalt aksjeutbytte til Herand bygdelag. Leigeavtalen med kommunen går i 2021, og vil bli reforhandla med kommunen til hausten. Bygdelaget ynskjer vidare avtale med kommunen.

Sak 2021/40: Jondal skule, arealbruk uteområdet:

Referert utsendt e-post frå skulen v/Sarah Marie Røstbø; Herand bygdelag sender ikkje innspel i dette planarbeidet. Alle foreldre/interesserte er oppmoda om å sende innspel.

Sak 2021/41: Andre saker/eventuelt:

- Badeplassen. Bente Bjotveit frå parkavdelinga i kommunen kjem på ein synfaring 09.06. Vil sjå på badeplassen og merking av tilkomst. Det er viktig at vegen ned til badeplassen er open og synleg merka.
- Badehus på badeplassen. Det er kome eit ynskje om badehus på badeplassen. Ole tek dette opp med Bente Bjotveit på synfaringa.
- Butikken. Me ventar på dato for generalforsamling. Bygdelaget er i jamn dialog med styrerepresentantane i butikkstyret.
- Jonsok; bygdelaget tek ikkje initiativ til feiring av jonsok dette året heller grunna smittevernsituasjonen.

Herand bygdelag ynskjer alle ein god sommar!

Neste styremøte tysdag 17.08.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus